

Sogn og Fjordane fylkeskommune
ved hovudutval for opplæring

Leikanger 20.10.2017

Støtteskriv for IT-utdanningar på vidaregåande nivå

IT-forum vil oppmoda hovudutvalet for opplæring om å satsa på opplæringstilbod innan IT på vidaregåande nivå, for å sikra rekruttering som held fylket i fremste rekke i bruk av IT i alle næringar, og for å ha gode og innovative IT-verksemder.

Samfunnet vårt vert stadig meir digitalisert. Nye IT-løysingar vert tekne i bruk på stadig fleire område, til dømes innanfor landbruk, handel, prosessindustri og i offentleg forvaltning. Sogn og Fjordane ligg langt framme i å ta i bruk nye IT-løysingar, og har rundt om i fylket ei rekke spanande verksemder som er landsleiane på sitt felt. For å svara på utfordringane frå næringslivet med rekruttering, tok IT-forum i 2014 initiativ til ei IT-utdanning på høgskulenivå. Etter grundige undersøkingar fekk me fram dette biletet: Verksemndene i fylket ser føre seg å rekruttera mange nye tilsette med IT-kompetanse. Verksemndene har difor stor vilje til å bidra i realiseringa av ei slik utdanning.

Arbeidet har bore frukter og Høgskulen på Vestlandet er no i sluttfasen med å planleggja eit IT-studium i Førde på bachelornivå, med oppstart hausten 2018. Høgskulen har fått pengar på statsbudsjettet som skal nyttast til studieplassar i den nye utdanninga. Men skal ei IT-utdanning på høgskulen lukkast med å rekruttera studentar, må kandidatane ha møtt gode opplæringsmiljø for teknologi og IT på alle nivåa frå barnehage til og med vidaregåande skule. Satsing på IT-fag på vidaregåande nivå bør vera sjølv sagt dersom fylket har ambisjon om byggja opp ei levande IT-utdanning ved høgskulen.

IT-forum Sogn og Fjordane har sidan skipinga i 1995 vore eit breitt samarbeid og spleiselag for å sikra at Sogn og Fjordane er i fremste rekke i å utnytta informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiera, samordna og sikra viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.

Ei av arbeidsgruppene i nettverket, IT-forum oppvekst og utdanning, er eit unikt samarbeid (også nasjonalt) på tvers av skuleslag. Arbeidsgruppa har frå 2006 arbeidd med å finna løysingar for digitalt samarbeid og samspel på tvers av alle skulesteg i fylket. I prosjekta og på konferansane arbeidsgruppa årleg arrangerer, der det stadig framheva verdien av at "IT-stafett-pinnen" vert levert frå barnehage til høgskule.

IT-forum står difor heilhjarta opp om utdanningar på vidaregåande nivå, særleg på dei stadane der det er eit godt teknologimiljø frå før.

Vennleg helsing

Gunnar O. Hæreid

leiar IT-forum Sogn og Fjordane